

Spørjeundersøking – elektronisk skuleval

1: Kor lenge har skulen gjennomført elektronisk skuleval?

Tal år:	3 gonger
---------	----------

2: Kvifor har skulen vald ei elektronisk form på skulevalet?

(På spm 1 er me litt usikre på om det er fleire enn tre gonger.) SVG har ca 830 elevar fordelt på tre lokasjonar, med yrkesfag, studiespes., idrett og musikk. Det å gjennomføra praktiske arrangement er svært vanskeleg, og me ser det som urimeleg arbeidskrevjande å organisera og gjennomføra urneval. Elektronisk val fungerer svært bra.

3: Har skulen opplevd tekniske vanskar ved gjennomføring av elektronisk skuleval? Viss ja, kva slags vanskar?

Ja:	<input type="checkbox"/>
Nei:	<input checked="" type="checkbox"/>

Gi ei skildring dersom ja:

4) Har skulen behov for teknisk opplæring av ansvarleg lærar ved politisk skuleval?

Ja:	<input type="checkbox"/>
Nei:	<input checked="" type="checkbox"/>

5) Er de samde i denne påstanda om elevaktivitet ved skulevalet?

Urneval opnar for meir elevaktivitet enn ved eit elektronisk val.

Ved papirval ser ein for seg at elevane skal vere valfunksjonærar under gjennomføringa. Dei skal vere med på å setje opp vallokalet, dei skal lage manntal over elevane, syte for at stemmegivarane går aleine inn i valavlukka, at avlukka inneheld rette og nok setlar. Dei skal stemple setlane og krysse ut stemmegivarane frå manntalet. Etterpå skal dei vere med på å telje opp resultatet.

Ja:	<input checked="" type="checkbox"/>
Nei:	<input type="checkbox"/>

Dersom nei, kvifor?

Ja, eg er samd i påstandane og at det bør vera slik, men i vidaregåande vil ei slik gjennomføring ta mykje undervisningstid. Elevane har rett til den oppgitte undervisningstida i faga, og skulane ha svært mange gode og viktige arrangement som skal gjennomførast, difor må me gjera ting så rasjonelt som råd.

6: Er de samde i denne påstanden om valdeltaking blant ungdom?

Elevar som stemmer elektronisk i dei politiske skulevala, har lågare valdeltaking ved nasjonale val sidan dei ikkje har lært å røyste i eit urneval under skulevala.

Ja:	<input type="checkbox"/>
Nei:	<input checked="" type="checkbox"/>

Kvifor?

Det viktigaste ved skulevala er at elevane blir nøydde til å reflekera over politiske parti og ta stilling til kva dei sjølve meiner. Eg trur at dette er viktig. Ungdommar taklar å delta i urneval. Det er ikkje så komplisert. Likevel hadde eg valt urneval viss eg jobba på ein liten skule der det var nokolunde greitt å organisera dette.